



## **DEN NORSKE KYRKJA** **Norum Sokneråd**

### **Årsmelding for Norum sokneråd 2013**

#### **Desse sat i soknerådet 2012-2013:**

Ingunn-Marie Myren, leiar

Rønnaug Dahl, nestleiar

Egil Fimreite, kasserar

Sveinung Brusegard, dugnadskoordinator

Gunn Haugen, skrivar

Edith Flatland, fast medlem og medlem i Fellesrådet.

Varamedlemmer:

Mai Sigrid Teigen, 1.varamedlem. Kontaktperson for kyrkjelydsfest for born.

Solveig Nes, Heidi Fondenes, Else Berit Fimreite, Cecilie Kure

Soknepresten er fast medlem i soknerådet.

Revisorar er Bjørg Ølmheim og Gunnborg Lyngset

#### **Diakoniutval:**

Lovisa Ylvisåker og Solveig Nes

#### **Soknerådsmøte og nemnder:**

Det har vore 6 soknerådsmøte, eit hjå Edith Flatland, eit i sørvisbygget til kyrkja og resten hjå soknerådsleiaren i Sandteigen.

Soknerådet har handsama 26 saker.

Jubileimnemnda hadde mange møter under planlegginga av 150-årsjubileet.

#### **Laurdag 12.januar-kyrkjelydstreff for born**

Mai Sigrid Teigen og Gunn Haugen hadde ansvar for det praktiske til denne festen, og Guri Hauståker Nordheim for innhaldet. Det vart sendt ut eigne invitasjonar til 4- og 6-åringane. Ingen møtte på festen. Vi lurte på om årsaka var at det var for tidleg på dagen, så til neste år prøver vi igjen, litt seinare på dagen!

## Kyrkjelydsfesten

På grunn av kyrkjejubileet, vart det ikkje eigen kyrkjelydsfest i år, den vart ein del av jubileumsfesten.

**Fasteaksjon:** 19.mars , konfirmantane samla inn pengar til til Kirkens Nødhjelp. Foreldra var med og kørde rundt, og etterpå var det samling i Nortun med pizza og kaffi.

## Dugnad

Sveinung Brusegard er dugnadskoordinator. Det vart gjort ein god del vedlikehald, måling, vasking, rydding ute og inne før jubileet. Sjå referat frå jubileet.

## Kyrkjeskys

Sveinung Brusegard har vore kontaktperson dersom nokon treng skys til kyrkje. På soknerådsmøte den 26.11.13 vart dette utvida med fleire personar: Ingunn-Marie Myren, Rønnaug Dahl, Gunn Haugen, Egil Fimreite.

## Gudstenester:

Tidspunkt:	Gudsteneste:	Takkoffer til:
3.januar	Høgmesse	
10.mars kl.16.00	Gudsteneste, Kjell Sæter. Kyrkjekaffi Tekstlesar: Gunn haugen	Miniklubben
28.mars, Skjærtorsdag	Høgmesse med dåp, Egon Askvik Tekstlesar: Jorunn- Merete Haukås- Eide	Lyngmo
7.april kl.16.00	Borna sin påskefest Samtalegudsteneste alle konfirmantane tek del, bok til 6-åringane	Kyrkjelydsarbeidet
26.mai	Gudsteneste med konfirmasjon, Egon Askvik Tekstlesar Edith Flatland	Kyrkjelydsarbeidet
9.juni	Jubileumsgudsteneste Tekstlesar Ingunn-Marie Myren	Kyrkjelydsarbeidet
7.juli	Gudsteneste med fungerande prost Bård Haukedal Tekstlesar Oddrun Marie Drage	Frelsesarmeen i Sogndal
28.juli	Friluftsgudsteneste på Fimreite Egon Askvik Tekstlesar: Astrid Malmin	
25.august	Friluftsgudsteneste på Jamnaflaten for Norum og Leikanger. Bård Haukedal Tekstlesar: Gunn Haugen	
25.august	Friluftsgudsteneste på Skriki , Egon Askvik	
15.september	Konfirmantpresentasjon	Kyrkjelydsarbeidet

	Egon Askvik Tekstlesing: Jorunn-Merete Haukås-Eide	
29.september kl.16.00	Haustattakkefest Bok til 4-åringane Egon Askvik	Kyrkjelydsarbeidet
3.november kl.16.00	Helgemesse Prest: Kjell Sæter Sollaug Boge Ølmheim	Redd Barna
8.desember	Lysmesse, Egon Askvik. Tekstlesing: konfirmantane	Kirkens Bymisjon, Bergen
15.desember kl.16.00	Julekonsert Prest: Kjell Sæter	
Julafta kl.14.30	Prest: Kjell Sæter Tekstlesing: Ingunn-Marie Myren	Kirkens nødhjelp
2.juledag	Høgtidsgudsteneste, Kjell Sæter Tekstlesing: Gunn Haugen	Det Norske Misjonsselskap

### **Kyrkjejubileet:**

I 2013 hadde Norum kyrkje 150 årsjubileum. Det vart tidleg oppretta ei jubileumsnemnd. Dei som var med der, var Rønnaug Dahl, som vart leiar i nemnda, Ingunn-Marie Myren, Jermund Ølmheim og Arnor Mannsverk. Arnor vart sjuk og måtte melde fråfall. Det var ikkje oppnemnd vararepresentant

Jubileumsnemnda hadde 13 møte, det vart skrive referat fortløpande. I tillegg har det vore mykje telefonkontakt mellom medlemmane og med andre. Det var mykje arbeid, så det var godt at nemnda starta i god tid. Målet var å få med flest mogeleg folk med på å jobbe både på førehand og under arrangementet. Soknerådet var involverte og støtta opp om arbeidet, og andre folk i bygda som vart spurde, var positive til å hjelpe.

Jubileet vart feira med barnebursdag og konsert laurdag, gudsteneste og fest i Nortun søndag.

### **Jubileumsskrift:**

Det vart også laga eit jubileumsskrift, Jubileumsnemnda var ansvarlege for det.

Jubileumsskriftet vart eit flott hefte med god oppbygging og interessant innhald. Nemnda valde å ha fokus på folk sitt forhold til kyrkja, og gjennom kyrkjebladet vart folk inviterte til å koma med bidrag til jubileumsskriftet. Særleg gjennom konfirmantopplæring og konfirmasjon har mange minne knytte til kyrkja. Det vart teke utgangspunkt i konfirmantane i kvart tiår frå 70-årskonfirmanten Torleif Øyre til årets konfirmantkull.

Jubileumsskriftet vart trykt i eit opplag på 500 stk, og alle som bur i Norane fekk heftet i postkassa med innbetalingslapp på kr. 150,-. Det var i tillegg høve til å gi ei ekstra gåve.

«Deadline» for trykking hadde komiteen sett til 1.februar, og det var bra, for det var stadig ting som måtte rettast på og forberast. Rønnaug Dahl har eit restopplag som det er høve til å kjøpe, i tillegg har Skjeldestad bokhandel sagt seg viljuge til å selje heftet. Det er kome gode tilbakemeldingar frå folk som har lese heftet.

### **Barnebursdag:**

8.juni vart det arrangert barnebursdag for alle i Norane mellom 4 og 10 år.

Ansvarlege var Guri Høstaker Nordheim med hjelp frå Dorthea H Nordheim, Mai Sigrid

Teigen, Gunn Haugen, Nils Einar Berget og dei fire konfirmantjentene.

Alle born i Norane mellom 4 og 10 år vart inviterte. Guri Høståker Nordheim tok ansvar for det. Dette vart gjort for å sikre at alle fekk invitasjonen og melde seg på. Det var likevel dårleg respons og få påmelde då fristen gjekk ut. Vi som var «lokale», tok kontakt med born og foreldre som vi kjende, og talet kom til slutt opp i 24 påmelde born. Skuleborna hadde laga ei fin bursdags helsing til kyrkja, så dei elevane som var mellom 10 og 12 år, vart inviterte til festen i etterkant.

Kyrkja vart pynta med flott bursdagslangbord i midtgangen. Guri starta med å samle borna og fortelja om bursdagsbarnet, både historikk og kvifor vi har kyrkje. Det var song, femteiknsbøn, og til slutt bursdagssang. Og begeistringa var stor då konfirmantane, utan at borna visste det, hadde blese opp ballongar som vart kasta ut ifrå galleriet!

Bursdagsmaten var pølser med brød, sjokoladecake og juice. Etter maten leika borna med ballongane, og dei teikna til bursdagsbarnet. Teikningane vart opphengde på veggen. I eit ekte bursdags selskap er det godteposar, og i dette selskapet vart godteposane fiska frå preikestolen! Til avslutning samla Guri borna og snakka om gudsteneste søndag, og borna fekk skrive på ei whiteboardtavle kva dei tykte om å vera i kyrkja sitt bursdags selskap. Den vart sett opp i våpenhuset, og sto der under preika søndag. Ein svært vellukka fest!

### **Kor og konsert:**

Ansvarlege var Sverre Volle, Arild Slinde, Oddbjørn Ramstad, Egon Askvik.

Sverre Volle hadde komponert ei kantate på bestilling i høve jubileet, «Kantate for Olavs-vaka». Det var med kor, orgel, blåsegruppe, obo, fløyte og solosong. Kyrkjelyden vart trekte med gjennom fellessong. Det var 25-30 medlemmar i koret. Litt trangt var det på galleriet, men av omsyn nærleiken til orgelet, måtte koret stå der.

Konserten var ei flott oppleving, og det er kome mange gode tilbakemeldingar. Det var 107 betalande i tillegg til inviterte gjestar på konserten.

### **Gudstenesta**

Egon Askvik var ansvarleg for gudstenesta, med hjelp av konfirmantane.

Gudstenesta var høgtideleg og fin, den starta med prosesjon av prestane som var inviterte. 8 prestar tok del i prosesjonen, mange var aktive i gudstenesta.

Egon er kreativ og flink til å trekke inn kyrkjelyden i seremonien, alle aldersgrupper.

Det kom inn kr.10000,- i kollekt. Det var mykje folk, kyrkja var mest heilt full.

### **Festsamkome i Nortun.**

Det var laga ein festkomite som hadde ansvar for det praktiske. Det var ulike komitear som jobba. Alle som vart spurde, stilte opp. Det var fint dekket bord i salen oppe, og det vart servert rømmegrout og spekemat med raud saft til. 48 kilo rømmegrout gjekk med, nesten ingenting til overs. Nortura ga 12 kilo med spekemat i gåve! Det vart gitt ordet fritt for helsingar, og dei fleste av dei tidlegare prestane hadde ei helsing med litt mimring og gode historiar frå tida i Norum sokn. Det var passe mykje program.

Det var påmelding, og 140 gjestar var med på festen.

### **Informasjon og presse.**

Terje Eggum frå Sogn Avis var med på ei øving med kor og musikarar i kyrkja. Han intervjuar leiaren i jubileumsnemnda. Jubileet og konserten vart godt dekket både på førehand og undervegs. Det var genialt å bruke engelen frå altertavla som «logo» for festen! Det vart eit kjent symbol undervegs i prosessen. Norum kyrkje er også på Facebook, den vart også brukt til å formidle programmet for jubileet. Kyrkjebladet og Nortunnytt vart også brukte. Det bør lagast ei eiga «arkivmappe» med arbeidet med og gjennomføringa av jubileet, som vedlegg til referat frå soknerådet.

### **Dugnader før og under arrangementet**

Det vart utført mykje arbeid både ute og inne for å gjere det fint før jubileet. Sveinung Brusegard hadde ansvar for utearbeidet, og fekk med seg folk frå heile Norane på arbeidet. Dei har måla bårehuset, benkar og gjerdet rundt, vaska kyrkjeveggen og rydda kratt og småskog på nedsida av kyrkjegarden. Innandørs var fem damer på dugnad og vaska benkar, glaskarmar, dører, lister, alterring, og ikkje minst pussa messingstakar, dåpsfat/ mugge og lysekrune. Det såg i det heile fint og ryddig ut både ute og inne. Etter festen var mange med og rydda opp, det gjorde at belastninga ikkje vart for stor for nokre få personar.

Fardal 23.01.2014

Gunn Haugen

Ingunn-Marie Myren

-skrivar-

-leiar-